



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Revidert nasjonalbudsjett 2026 og kommuneopplegget for 2027

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2026 og kommuneopplegget for 2027, jf. prop. 94 S - Kommuneproposisjonen.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Endringar i det økonomiske opplegget for 2026

Skatteoverslaget for kommunane samla er i revidert nasjonalbudsjett auka opp med nærare kr 2,5 mrd. frå nivået i statsbudsjettet. Pårekna skattevekst i prosent frå innkomen skatt i 2025 til 2026 er auka frå 5,3 prosent i statsbudsjettet til 6,3 prosent no. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

Høgare årslønsvekst i fjor enn pårekna trekkjer i retning av høgare skatteinntekter enn tidlegare pårekna også no i år.

Kostnadsdeflatoren for kommunane var 3,5 prosent i statsbudsjettet for 2026, fordelt mellom pårekna lønsvekst inkl. pensjon på 4,0 prosent, og pårekna prisvekst for kjøp av varer og tenester med 2,8 prosent.

Det er no rekna med større kostnadsvekst for kommunane. Kostnadsveksten skuldast i hovudsak vesentleg større prisvekst for kjøp av varer og tenester enn lagt til grunn i statsbudsjettet. Pårekna prisvekst aukar frå 2,8 prosent i statsbudsjettet til 4,9 prosent no. Dette trekkjer den samla kostnadsveksten opp for kommunane.

Den pårekna kostnadsveksten for i år er no 4,1 prosent inklusiv pensjon:

lønsvekst inkl. pensjon	3,6	prosent (vekt 0,579)
prisvekst kjøp av varer og tenester	4,9	prosent (vekt 0,421)
Samla prisvekst	4,1	prosent



Det er rekna med noko større lønsvekst no enn i statsbudsjettet, men pensjon bidreg til reduksjon i kostnadsveksten. I statsbudsjettet var det rekna med same prosentvekst i pensjon som lønsvekst. Det er no rekna med lågare prosentvekst i pensjon enn lønsvekst i år. Lønsvekst inkl. pensjon er difor no redusert frå 4,0 prosent i statsbudsjettet til 3,6 prosent i revidert nasjonalbudsjett.

Høgare skatteinntekter og høgare kostnadsvekst er pårekna å langt på veg utlikna kvarandre. Netto verknaden for heile kommunesektoren (medrekna fylkeskommunane) er venta å gi ein reduksjon i inntektsramma med om lag kr 100 mill. Dette er basert på at kommunane og fylkeskommunane samla er pårekna å få om lag kr 3,2 mrd. i høgare skatteinntekter og om lag kr 3,3 mrd. i høgare kostnadsvekst, enn lagt til grunn i statsbudsjettet.

Det er no venta at meirutgifter som følgje av den demografiske utviklinga vil bli om lag kr 600 mill. lågare i 2026 enn lagt til grunn i statsbudsjettet for i år. Det skuldast blant anna lågare netto innvandring frå Ukraina enn tidlegare lagt til grunn.

Deling av personopplysningar ved skulebytte

Kunnskapsdepartementet har lagt fram prop. 79 L (2025-2026) *Endringar i opplæringslova og barnehagelova*.

Det er framlegg om å innføre ei plikt til å dele særskilte personopplysningar om elevar ved skulebytte. Skulane skal dele personopplysningar for å førebygge negativ oppførsel. Dette vil vere av omsyn til skulemiljøet for andre medelevar, eller arbeidsmiljøet for dei tilsette. Skulebytte omfattar også overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule.

Det blir teke sikte på å setje i verk ordninga frå hausten 2026. Samla kompensasjon for meirutgifter er kr 5 mill. for kommunane og kr 1 mill. for fylkeskommunane. Desse beløpa er kompensasjon for heilårsverknaden. I 2026 vil framlegget ha halvårseffekt. Kompensasjon blir utbetalt over rammetilskotet til kommunane.

Kommuneopplegget for 2027

Generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunesektoren i intervallet frå 3,5 til 4,0 mrd. kroner frå 2026 til 2027. Av dette er kommunane sin del rekna til intervallet frå 2,8 til 3,2 mrd. kroner. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2026 til 2027 vil difor kome som eit tillegg. Kostnadsdeflatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli fastsett i statsbudsjettet for 2027 til hausten.

Det kommunale skatteøyret for 2027 vil bli fastsett i statsbudsjettet. Det blir som tidlegare lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Dei samla meirutgiftene i 2027 som følgje av den demografiske utviklinga er rekna til om lag kr 3,7 mrd. Av vekst i pårekna demografikostnader for kommunesektoren i 2027, er 3,0 mrd. kroner den delen av kostnadsveksten som må bli dekt av vekst i dei frie inntektene. Dette kan bli fordelt med 2,4 mrd. kroner på kommunane og 0,6 mrd. kroner på fylkeskommunane. Ein mindre del av kostnadsveksten blir dekt av auke i andre inntekter enn dei frie inntektene.



Det er lagt til grunn at kommunesektoren får eit auka handlingsrom i intervallet frå 0,5 til 1,0 mrd. kroner i 2027. Dette er realvekst i frie inntekter, med fråtrekk for auka demografikostnader. Dette auka handlingsrommet kan bli fordelt med 80 prosent på kommunane og 20 prosent på fylkeskommunane.

Mange kommunar har auke i talet på eldre og nedgang i barnetala. Berekningane av meirutgifter som følgje av demografisk utvikling, er netto verknaden av meir- og mindre utgifter i dei ulike aldersgruppene.

Pensjon

Frå og med 2026 inngår kompensasjon for den pårekna veksten i pensjonskostnadene i overslaget på den kommunale kostnadsdeflatoren.

Departementet vil opplyse nærare om dei økonomiske føresetnadene for berekning av pensjonskostnadene for 2027 i eige rundskriv til kommunane. Departementet fastset dei økonomiske føresetnadene som skal bli lagt til grunn for berekning av netto pensjonskostnad. Det er særleg forholdet mellom diskonteringsrenta og lønsvekst (forholdstalet) som er viktig for nivået på dei berekna pensjonskostnadene.

I rundskrivet for berekning av pensjonskostnadene for 2026 er forholdstalet justert ned frå 1,00 i 2025 til 0,88 i 2026, slik at forholdet mellom diskonteringsrenta og lønsveksten er sett lågare. Dette inneber at berekna pensjonskostnader blir høgare i kommunerekneskap. Departementet si målsetjing er at dei berekna pensjonskostnadene over tid skal bli meir i samsvar med dei faktiske betalte pensjonspremiane. Dette vil over tid bidra til lågare premieavvik.

Departementet legg for 2027 opp til ein ytterlegare nedjustering av forholdstalet til 0,75, som bidreg til høgare berekna pensjonskostnader i kommunerekneskap. Det gir større grad av samsvar mellom berekna pensjonskostnader og faktisk betaling av pensjonspremie.

Departementet har også vurdert kortare amortiseringstid av oppsamla premieavvik. Kortare amortiseringsperiode vil vere eit tiltak for å byggje opparbeidd premieavvik raskare ned. Det er ikkje framlegg om dette tiltaket no. Departementet prioriterer i staden den nemnde ytterlegare nedjusteringa av forholdstalet i 2027. I dei komande åra vil det bli vurdert eventuelle andre tiltak, dersom det er behov for å redusere oppsamla premieavvik.

Inntektssystemet 2027

Nytt inntektssystem for kommunane vart innført i 2025. Det er ikkje varsla nye endringar i inntektssystemet for 2027.

I 2025 er det innført ein ny oppdatert kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga (basert på faglege analysar og utviklinga i kommunane sine faktiske utgifter) og endringar i dei regionalpolitiske tilskota, t.d. distriktstilskot Sør-Noreg og småkommunetillegget. Overgangsordninga INGAR tek omsyn til desse endringane slik at verknaden kjem gradvis over nokre år.

Ressurskrevjande tenester – toppfinansieringsordninga

I statsbudsjettet for 2026 får kommunane på landsbasis kompensert 80 prosent over innslagspunktet. Ordninga vart frå 2025 lagt om slik at kommunane sine eigendelar blir berekna på ein ny måte. I tillegg vart innslagspunktet auka i 2026 som følgje av at verdien av PU-kriteriet i inntektssystemet for 2025 vart redusert.



Det er ikkje varsla endringar i den nye ordninga for ressurskrevjande tenester - toppfinansieringsordning for 2027. Departementet vil kome med nærare opplysningar om ordninga i statsbudsjett for 2027 til hausten. Dette vil blant anna omfatte fastsetjing av innslagspunkt for utbetaling av tilskot i 2027.

I budsjettframlegget for 2028 vil budsjettansvaret for tilskotsordninga bli overført frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Helse- og omsorgsdepartementet. I den samanheng vil det bli vurdert å gjere endringar i ordninga, blant anna om delar av ordninga skal bli innlemma i rammetilskotet.

Skjønstilskot

Basisramma for skjønstilskot blir fordelt mellom kommunane av statsforvaltarane. Ramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet er kr 830 mill. i 2026, av dette kr 123,4 mill. til Vestland.

Basisramma i 2027 for skjønstilskot i landet blir nominelt uendra, det vil seie kr 830 mill.

Departementet gjennomførde for 2026 ei omfordeling av fylkesrammene. Det gav Vestland ei lågare ramme. Departementet har gitt signal om at det også for 2027 vil bli ei omfordeling av skjønssrammer mellom fylka. Vestland si ramme til fordeling mellom kommunane kan difor bli redusert ytterlegare.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Naturskade

Retningslinene for skjønstilskot i samband med naturskade vart justert for 2026. Eigendel og innslagspunkt vart auka for 2026 på bakgrunn av prisvekst som har vore over fleire år. Det er ikkje framlegg om endringar frå 2026 til 2027.

Kommunar som har hatt utgifter etter naturskade som samla er over kr 350,- per innbyggjar, får kompensasjon som dekker halvparten av utgiftene. Dersom utgiftene er over kr 700,- per innbyggjar, får kommunen kompensasjon som dekker alle utgiftene over kr 350,- per innbyggjar.

Dei nemnde beløpa for eigendel og innslagspunkt vil bli justerte med jamne mellomrom på bakgrunn av pris- og lønsvekst i kommunesektoren.

Andre saker

Vurdering av tiltak for å gjere inntektene meir føreseielege for kommunane

I dei seinare åra har nivået på skatteinntektene utvikla seg vesentleg annleis enn venta i nasjonalbudsjetta. For lite føreseielege inntekter og svingingar i skatteinntektene gir utfordringar for kommunane si planlegging og økonomiske styring.

Kommunane har behov for informasjon om komande inntekter som samsvarer meir med slik inntektene faktisk blir.

Regjeringa vil invitere KS til å delta i eit utgreiingsarbeid for å gjennomgå budsjetteringa av veksten i dei frie inntektene. Det vil bli vurdert tiltak som kan gi meir føreseielege inntekter og betre informasjon til den økonomiske styringa i kommunane.

Særskilt oppfølging av kommunar med omfattande styringsutfordringar

Nokon kommunar kan over tid ha ein særleg krevjande økonomisk situasjon som svekker tenestene til innbyggjarane, t.d. kvaliteten på helse- og omsorgstenester.



Departementet arbeider med eit høyringsnotat med framlegg til nye reglar. Notatet om særskilt oppfølging av kommunar vil kome på høyring i løpet av året. Tiltak skal vere retta mot kommunar med vesentlege utfordringar i styring og kontroll. Det vil til dømes vere kommunar med betydeleg ubalanse i økonomien, som gir negative konsekvensar for tenestene til innbyggjarane.

I samanheng med reglar om særskilt oppfølging, blir det også vurdert endringar i reglane for kommunar i ROBEK. Dette vil inngå som ein del av utgreiinga og høyringa.

Oppfølging av kommunekommisjonen

Frå 1. januar 2026 er grensa for når kommunesektoren som hovudregel ikkje skal rapportere på øyremerkte tilskot auka frå kr 100 000,- til kr 1,0 mill. Kommisjonen si tilråding var ei grense på kr 0,5 mill.

I statsbudsjettet for 2026 vart det innlemma øyremerkte tilskot som til saman utgjer om lag kr 1,6 mrd. i dei frie inntektene for kommunesektoren.

Regjeringa vil vurdere nærare å ta bort særskilte kompetansekrav innafor helse- og omsorg, som kva profesjonar kommunane må ha knytt til seg. Det blir dessutan vurdert å forenkle kompetansekrav for tilsetjing i lærarstillingar. Regjeringa vil kome attende til kommunekommisjonen sitt framlegg om endringar i lærarnorma i grunnskulen.

Regjeringa vil gjere framlegg om å innlemme ytterlegare åtte øyremerkte tilskot i rammetilskotet i statsbudsjettet for 2027. Dei åtte tilskota utgjer til saman om lag kr 0,5 mrd. for kommunesektoren. Det klart største av desse tilskota er TT-ordning for brukarar med særskilte behov (samferdsel), som blir forvalta av fylkeskommunane.

Regjeringa vil gjere framlegg om å slå saman tilskotsordningane natursats, klimasats og klimatilpassing under Klima- og miljødepartementet i statsbudsjettet for 2027. Dei tre tilskota blir slått saman til ei større øymerkt tilskotsordning.

Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2027 under Kunnskapsdepartementet gjere framlegg om å slå saman tilskota til innkjøp av fysiske lærebøker, tilskot til skulebibliotek og bøker, og dessutan tilskot til innkjøp av bøker i barnehagane. Regjeringa kjem att med nærare opplysningar om den nye tilskotsordninga i statsbudsjettet for 2027.

Regjeringa vil også gjere framlegg om å etablere eit nytt omstillingstilskot under Helse- og omsorgsdepartementet i statsbudsjettet for 2027. Dette vil erstatte fleire tilskot som blir slått saman. Det nye tilskotet skal bidra til kommunane sitt arbeid med å handtere noverande og framtidig situasjon med mangel på helsepersonell. Regjeringa vil kome att til kva tilskot som blir slått saman, og som vil inngå i det nye tilskotet i samband med statsbudsjettet for 2027.

Kommunekommisjonen har gjort framlegg om å avvikle grunnskuletilskotet i inntektssystemet til kommunane. Tilskotet vart oppretta i 2022. Kommunane får i særskilt fordeling i rammetilskotet eit tilskotsbeløp som er like stort per grunnskule. I 2026 er tilskotet kr 583 234,- per grunnskule, og utgjer samla for kommunane om lag kr 1,4 mrd. Regjeringa vil ikkje gjere framlegg om endringar i denne tilskotsordninga no.



Dersom det er spørsmål til innholdet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005) eller Edvard Høgestøl (55572045) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim
direktør